

## Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 11.04.2016

*RS 7/16 Vanskar med hjelpemiddelsentralen sine funksjonar i høve blinde*

**Kjell Håland (A)** sette fram slikt forslag til vedtak:

«Hjelpemiddelsentralen vert bedt om å kome med ein orientering på neste rådsmøte angåande tilbodet til blinde, med særleg fokus på ressursar og bemanning retta mot denne målgruppa.»

### Røysting

Håland sitt forslag vart samråystes vedteke.

### Vedtak

Hjelpemiddelsentralen vert bedt om å kome med ein orientering på neste rådsmøte angåande tilbodet til blinde, med særleg fokus på ressursar og bemanning retta mot denne målgruppa.

*RS 9/16 Folkehelsa i Hordaland 2015 – ei kunnskapsoversikt*

**Solbjørg Marjala (R)** sette fram slikt forslag til vedtak:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil sende følgjande innspel til folkehelsearbeidet:

«Rådet takkar for orienteringa om folkehelsearbeidet, men ønskjer å be om at det ved neste høve og vert inkludert informasjon og kunnskap om menneske med nedsett funksjonsevne.»»

### Røysting

Marjala sitt forslag vart samråystes vedteke.

### Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil sende følgjande innspel til folkehelsearbeidet:

«Rådet takkar for orienteringa om folkehelsearbeidet, men ønskjer å be om at det ved neste høve og vert inkludert informasjon og kunnskap om menneske med nedsett funksjonsevne.»

*RS 10/16 Invitasjon til å söke om tilskudd for nettverksdeltakelse universell utforming i regional og lokal kollektivtransport*

**Kjell Håland (A)** sette fram slikt forslag til vedtak:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sendar slik melding til samferdselsavdelinga:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har tidlegare delteke i dette nettverket. Rådet vil sende nestleiar Kjell Søvik på samlinga i mai, og nestleiar Kjell Søvik og medlem Harald Norheim til møtet til hausten. Rådet ber om at desse vert inkludert i ein søknad om støtte til deltaking.»»

### Røysting

Håland sitt forslag vart samråystes vedteke.

### Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sendar slik melding til samferdselsavdelinga:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har tidlegare delteke i dette nettverket. Rådet vil sende nestleiar Kjell Søvik på samlinga i mai, og nestleiar Kjell Søvik og medlem Harald Norheim til møtet til hausten. Rådet ber om at desse vert inkludert i ein søknad om støtte til deltaking.»»